

Oltedalsongen

Me elsker namnet Oltedal
vår gode, gamle grend.
Det lydde slik i tusental
av år og lyder enn.
Her stod vår vogge – song ho mor
og stridde sterke far.
Her vart det sagt dei vare ord
som bøn mot himlen bar.

Her fekk me heim med bø og blom
innunder grønne li,
der fuglesong gjev atterljom
ved vår og sumarstid.
Frå fjellet foss i kåte kast
på berget uvørsgrått,
men opp mot himlen kviler fast
eit auga stort og blått.

I kjærleik varm me yrke gav
åt jord og industri
til no me sjå det lyser av
ei bygd i bløming blid. –
Men endå ut til større slag
me åtte rom og råd,
og gav i anna arbeidslag
vår vilje, dug og dåd.

Oltedalsongen ble skrevet av Johan Oltedal i 1950. Johan Oltedal var lærer og kirkesanger (klokker) i Oltedal gjennom mange år. Han var engasjert i mangt og mye utenom læreryrket. Han var fast skribent i Stavanger Aftenblad om ting som skjedde i bygda. Han var også engasjert i misjon og i arbeid for nynorsken.

Oltedalsongen ble tonesatt av Gabriel Idland Larsen. I 2010 ble det laget et arrangement for piano av daværende dirigent for Oltedal brassband, Jacob V. Larsen

Ei vardevakt av faste fjell
står sterkt om gamle gard.
Ho kviskrar i den klare kveld
sitt trygge, trauste svar:
Me møter alt som freistar ta
vår fridom, trygd og fred.
Og folket gjev eit hugheilt ja:
Me og vil vera med.

Ta Herre, i di sterke hand
den arven du oss gav
med signing over folk og land
frå hei og ned til hav.
Frå milde mor med barn ved barm, -
frå ungdom – gråde hår
stig takkesongen ven og varm:
Gud signe heimen vår.

Oltedalssangen

Gabriel Idland Larsen

Andante (c. ♩ = 100)

